

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE - 223	17/98

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
051/2017	Formannskapet	PS	06.09.2017
046/2017	Kommunestyret	PS	21.09.2017

Sandindustrien i Modalen - i hefteformat.

Forslag til vedtak:

Modalen kommune løyver inntil kr. 35 000,- frå næringsfondet til arbeidet med produsere og gje ut i hefteform historiar om sandnæringa si utvikling i Modalen.

Saksopplysningar:

Modalen kommune har laga ei utstilling i Bryggjeslottet som dokumenterer sandnæringa si historie. Utstillinga vart opna 1. juli 2017. I samband med at initiativtakarane arbeidde med dette prosjektet syntte det seg at det vart samla inn mykje stoff og bilete som *ikkje* fekk plass i utstillinga. Ein har likevel holdt fram med å skrive ned og redigere historiar som eldre har fortalt.

Gjennom å skrive ned historiane og gje dei ut i hefteform kan kunnskapen om sandnæringa verte godt dokumentert for ettertida.

I kommunestyrevedak 024/2017, Sandindustriutstilling Modalen, står følgjande: *Kommunestyret er positiv til at det i ein fase to vert føreteke intervju og seinare laga bok om temaet.*

Bakgrunn

I dette stoffet er det mykje viktig informasjon som gjer at nye generasjonar kan verte kjende med kor stor og viktig næringa var for Modalen si utvikling. Mange av dei som har denne kjennskapen er eldre, og det hastar med å skrive ned og ta vare på kunnskapen. Om ikkje dette vert tatt vare på vil verdfull kunnskap gå tapt.

Det er ynskjeleg at historiane vert fortalt, skrivne ned og dokumentert i hefteform på profesjonelt vis. Dette kan gjerast ved at kommunen engasjerer ressurspersonar som kjenner prosjektet til å gjennomføre skrivarbeidet og får dette trykt opp i hefteform med passande design/uttrykk.. Dette

vil på mange vis vere å avslutninga på utstillinga og historieforteljinga omkring sandnæringa i Modalen fram til idag.

Vurdering

Kostnadar til prosjektet fordeler seg på stipulerte summar. Kr. 12 000,- i lønnskostnader (inntil 50 timar), kr. 8 000,- design/uttrykk og kr. 15 000,- til opptrykk.

Retningslinene for næringsfondet seier at løyvingar kan gjevast til kommunale fellestiltak. Slike tiltak er med å styrke grunnlaget Modalen som samfunn skal kunne nytte innad og utad i arbeidet med å fortelje/marknadsføre si lokale kultur- og næringshistorie – utvikle identitet. På det grunnlaget kan innbyggjarar og besøkande bli nærare kjent med korleis modalensamfunnet utvikla seg allereie frå før 1900. Hftet vil også kunne styrke opplevinga av utstillinga i Bryggjeslottet. Dette vil kunne verte eit viktig kulturhistorisk bidrag som kommunen ynskjer å by omverda.

Rådmannen vurder at prosjektet er ein vesentleg del av Modalen si historie, og at det er grunn til å bekymre seg for at historieforteljarane med åra vert vekke. Utstillinga om sandnæringa vart eit flott og viktig bidrag for kommunen for å dokumentere kva innbyggjarane opp gjennom tida har lagt til grunn for det samfunnet me ser i dag. Dei resterande historiane og bileta vil bidra til å gjere historia fullendt.

Å gjennomføre dette dokumentasjonsarbeidet vil sikre desse historiane for ettertida. Modalen kommune ynskjer å ta vare på historia i møte med framtida.

Konklusjon

Rådmannen rår til at det vert løyvd inntil kr. 35 000,- i arbeidet med å fullføre historieforteljinga.

Formannskapet - 051/2017

FOR - behandling:

Kultur og utviklingssjef orienterte om saka. Formannskapet positive til tiltaket, men stilte spørsmål om det er sett av tilstrekkeleg med økonomiske midlar til prosjektet. Semje om å auke løyvinga til inntil 50.000,- kr.

Samrøystes vedteke.

FOR - vedtak:

Modalen kommune løyver inntil kr. 50 000,- frå næringsfondet til arbeidet med produsere og gje ut i hefteform historiar om sandnæringa si utvikling i Modalen.

Kommunestyret - 046/2017

KS - behandling:

Kultur- og utviklingssjef orienterte om prosjektet.
Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Modalen kommune løyver inntil kr. 50 000,- frå næringsfondet til arbeidet med produsere og gje ut i hefteform historiar om sandnæringa si utvikling i Modalen.